



SNURR Elena Bazyuta frå Hildre Montessoriskule var med på gruppa som laga snurreleike. Kurset viste korleis ein kan lage ein naturleikeplass på naturen og barna sine premisser. Begge foto: Linda Bakken

Lukka heng høgt i trea

Med enkle midlar kan ein skapa spanande leikestativ i skogen.

Karusellar og klatrestativ var noko av det ti ivrige kursdeltakarar bygde i skogen ved Hildre Montessoriskule då Friluftsakademiet kom på besøk i september. Kurshaldar Tor Egil Gagøien let lærarane utfalde seg med å lage leikeplassar i naturen. Her vaks det fram både stiger, tredisser, zip-line og andre spanande ting i skogholtet.

– Ingen tvil om kor vi skal dra med elevane dei kommande dagane, sa Elena Bazyuta med eit smil etter ei lang økt med bygging, nye konstruksjonar og på fyll av idear og kreativitet. Saman med Ann Elin Nerås deltok ho på kurs for andre gong.

– Med grunnleggande teknikkar kan ein lage utruleg mange forskjellige leikeapparat i skogen, fortel Nerås.

Tanken er at brorparten av stativa skal være i naturmateriale. Tauet bør ein bytte ut etter kvart, men då er det kanskje uansett dags for fornying.

– Tingen er at vi kan sette opp eit leikeapparat uansett kor vi er så lenge vi har lov frå grunneigar, seier Nerås.

Forgjengeleg

– Dette er ikkje ting som skal stå evig. Vi plukkar gjerne leikene frå kvarandre på slutten av sesongen. Neste år lager vi noko nytt, forklarar Bagøien.

Den erfarne kurshaldaren har inspirert mange til korleis ein skal ta tilbake og vidareutvikle naturen som aktiv lærings- og opplevingsarena.

– Kurset var ekstra kjekt fordi

kursleiaren skreiv pensumbøker når eg tok mi førskuleutdanning i Volda. Han er veldig dyktig og dedikert i faget, fortel Nerås ivrig.

– Dette var mitt om Elena sitt andre kurs med ham, så vi visste kor bra det var. Sist var vi på kurs på Skodje, og vi brann for å få til kurs på vår arbeidsplass her på Hildre. Vi har allereie brukt naturleikeplassen mykje og ungane synes det er veldig kjekt. Det gir motivasjonen til å drive med det, seier Nerås.

– Det er utruleg kjekt med leikeapparat laga i naturen, og stas at vi fekk halde kurset i vår skulehage. No får vi

sjå kvar dag at ungane gler seg til å vere der. Eg har og teke med eigne ungar dit og høyrer andre foreldre som har vore der med ungane etter skuletid. Det er kjekt, avsluttar Nerås.

Under kurset lærte dei også lovar og reglar rundt sikkerheit med tanke på mellom anna klemfare og fallhøgde. Naturleikeplassen ligg i skogholtet nedanfor fotballbanen ved Hildre Montessoriskule.

LINDA BAKKEN

linda@nordrenett.no



KLATRESTATIV

Kjekt og veldig lærerikt å lage leikeapparat i naturen, meiner Ann Elin Nerås (midten).